

SELJORD BARNESKULE

INFORMASJON OM FEM DAGAR SKULE 1.-4.KLASSE 2018-19.


Kommunestyret fatta vedtak 14. desember 2017: "Kommunestyret ynskjer å halde fast på opprinneleg tiltak i post 2.1.2.5 i handlingsprogrammet om Innføring av fem dagar skule for alle elevar frå hausten 2018. Kommunestyret ber rådmannen sette i gang prosessen med å forankre dette hos foreldra.

Kommunestyret ber om å få saka tilbake for endeleg handsaming når prosessen er gjennomført".

STATUS:

Kommunalsjef for skule og oppvekst har gjennomført møte med FAU ved Flatdal skule og Seljord barneskule.

Det er sendt ut informasjonsskriv til alle føresette om mogleg endring av skuleveka frå hausten 2018. Skulane og foreldreutvala har kome med merknader og gode innspel til ordninga. Saka blir no lagt fram for det kommunale foreldreutvalet i møte 20.3.2014 og kommunestyret den 12.4.2018. **Ein tek atterhald om endeleg politisk godkjenning av saka i kommunestyret.** Saksframlegget vil vere tilgjengelege på kommunen sine heimesider om lag ei veke før møtet.



FORSLAG:

Ny skuleveke for elevane ved Seljord barneskule :

Trinn	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
1.-4.kl.	08.10-11.35	08.10-13.50	08.10-11.35	08.10-13.50	08.10-11.35
5.-7.kl.	08.10-13.50	08.10-13.50	08.10-13.50	08.10-13.50	08.10-13.50

Dei minste elevane, 1.-4.klasse, vil med denne skuleveka ha kortare skuledag måndag, onsdag og fredag, frå 08.10 til om lag 11.35. Det vil truleg bli matpause om lag kl 11.30-12.00 . Tysdag og torsdag er det lengre skuledag, frå 08.10-13.50.

Det blir tilbod om leksehjelp **måndag og onsdag frå 12-13.00**. Leksehjelpa er gratis og open for alle.

SFO

SFO vil vere open frå kl 12.00 måndag-onsdag-fredag for alle elevar som melder seg på ordninga.

Frå kl 13.00 på SFO onsdagar vil det bli leikprega aktivitetar i samarbeid med Seljord idrettslag og studentar frå idrettslinja frå Høgskulen i Bø. Tilbodet vil truleg vere i gang frå september 2018 og blir ein del av det ordinære SFO-tilbodet. Nøyaktig innhald og meir informasjon om ordninga må vi kome tilbake til etter sommarferien.

Elevane i 5.-7. klasse vil ha full skuledag alle dagar 08.10-13.50.

BETALING SFO 2018-2019

Dekning	Inntil t/veka	Pris per månad	Søskenmoderasjon 50 %
Full dekning 1.- 4.klasse	23	2 700 kr	1 350 kr
¾ dekning	17	2 100 kr	1 050 kr
½ dekning	12	1 500 kr	750 kr
¼ dekning	6	700 kr	350 kr

Det vil bli redusert foreldrebetaling (50%) for familiar med samla inntekt under 200 000 kr.

SKYSS.

Det vil vere skyss om morgon som vanleg, framme om lag 08.00 og skyss heim til vanleg tid, om lag 13.50. Elevar på 1.-4. trinn som har rett til skyss må vente på skulen inntil den ordinære skyssen reiser. Desse elevane har rett til tilsyn i ventetida, slikt tilsyn vil bli organisert av/ved SFO og vere gratis.

Seljord 26.2.2018, kommunalsjef skule og oppvekst

FLATDAL SKULE


INFORMASJON OM FEM DAGAR SKULE 1.-4.KLASSE 2018-19.

Kommunestyret fatta vedtak 14. desember 2017: "Kommunestyret ynskjer å halde fast på opprinneleg tiltak i post 2.1.2.5 i handlingsprogrammet om Innføring av fem dagar skule for alle elevar frå hausten 2018. Kommunestyret ber rådmannen sette i gang prosessen med å forankre dette hos foreldra. Kommunestyret ber om å få saka tilbake for endeleg handsaming når prosessen er gjennomført".

STATUS:

Kommunalsjef for skule og oppvekst har gjennomført møte med FAU ved Flatdal skule og Seljord barneskule. Det er sendt ut informasjonsskriv til alle føresette om mogleg endring av skuleveka frå hausten 2018. Skulane og foreldreutvala har kome med merknader og gode innspel til ordninga.

Saka blir no lagt fram for det kommunale foreldreutvalet i møte 20.3.2018 og kommunestyret den 12.4.2018. **Ein tek atterhald om endeleg politisk godkjenning av saka i kommunestyret.** Saksframlegget vil vere tilgjengelege på kommunen sine heimesider om lag ei veke før møtet.



FORSLAG:

Ny skuleveke for elevane ved Flatdal skule :

Trinn	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
1.-4.kl.	08.40-12.05	08.40-14.20	08.40-12.05	08.40-14.20	08.40-12.05
5.-7.kl.	08.40-14.20	08.40-14.20	08.40-14.20	08.40-14.20	08.40-14.20

Dei minste elevane, 1.-4.klasse, vil med denne skuleveka ha kortare skuledag måndag, onsdag og fredag, frå 08.40 til om lag 12.05. Det vil truleg bli matpause om lag kl 11.30-12.00. Tysdag og torsdag er det lengre skuledag, frå 08.40-14.20.

Det blir tilbod om leksehjelp **måndag og onsdag frå om lag 12-13.00**. Leksehjelpa er gratis og open for alle.

SFO

SFO vil vere open frå om lag kl 12.00 måndag-onsdag-fredag for alle elevar som melder seg på ordninga.

Frå kl 13.00 på SFO onsdagar vil det bli leikprega aktivitetar i samarbeid med Seljord idrettslag og studentar frå idrettslinja frå Høgskulen i Bø. Tilbodet vil truleg vere i gang frå september 2018 og blir ein del av det ordinære SFO-tilbodet. Nøyaktig innhald og meir informasjon om ordninga må vi kome tilbake til etter sommarferien.

Elevane i 5.-7. klasse vil ha full skuledag alle dagar 08.40-14.20.

BETALING SFO 2018-2019

Dekning	Inntil t/veka	Pris per månad	Søskenmoderasjon 50 %
Full dekning 1.- 4.klasse	23	2 700 kr	1 350 kr
¾ dekning	17	2 100 kr	1 050 kr
½ dekning	12	1 500 kr	750 kr
¼ dekning	6	700 kr	350 kr

Det vil bli redusert foreldrebetaling (50%) for familiar med samla inntekt under 200 000 kr.

SKYSS.

Det vil vere skyss om morgon som vanleg, på skulen om lag 08.30, og skyss heim til vanleg tid, 14.20. Elevar på 1.-4. trinn som har rett til skyss må vente på skulen inntil den ordinære skyssen reiser. Desse elevane har rett til tilsyn i ventetida, slikt tilsyn vil bli lagt til SFO og vere gratis.

Seljord 26.2.2018, Kommunalsjef skule og oppvekst.